

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/62/19

av 11. april 2005

om fastsetjing av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til berbare datamaskiner(*)*[meldt under nummeret K(2005) 1027]*

(2005/343/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE
FELLESSKAPA —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellesskapet,med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning
for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre
leddet,etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske
unionen og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan
fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har
eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg
betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det på
grunnlag av dei kriteria som er fastsette av Utvalet for
miljømerking i Den europeiske unionen, skal fastsetjast
særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar
produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling
av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og
kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i
god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som
er spesifiserte for den aktuelle produktgruppa, gjeld for.
- 4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak
2001/687/EF av 28. august 2001 om fastsetjing av
miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til
berbare datamaskiner⁽²⁾, bør reviderast, slik at det vert
teke omsyn til marknadsutviklinga.

- 5) Det er òg naudsynt å endre definisjonen av produktgruppa
i det nemnde vedtaket for å spesifisere at han omfattar
einingar med peikeskjerm, og at han ikkje omfattar produkt
som ikkje i hovudsak vert nytta til datahandsaming.
- 6) Av omsyn til klarleiken bør vedtak 2001/687/EF difor
byttast ut.
- 7) Dei reviderte miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til
vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år.
- 8) Det bør innførast ein overgangsperiode på høgst
tolv månader, slik at produsentar som har fått tildelt
miljømerket for produkta sine før den dagen det vert
gjeve melding om dette vedtaket, eller som har søkt om
slik tildeling før denne datoen, har nok tid til å kunne
tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei
reviderte kriteria og krava.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald
av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «berbare datamaskiner» skal omfatte alle
datamaskiner som kan nyttast på fleire ulike stader, som
omfattar ei sentraleining, ein dataskjerm og eit tastatur som er
bygde saman i éi eining, som er lette å flytte frå éin plass til ein
annan og som kan drivast av eit isett batteri.

Produktgruppa skal òg omfatte datamaskiner som har
peikeskjerm.

Produktgruppa skal ikkje omfatte produkt som ikkje i hovudsak
vert nytta til datahandsaming.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 115 av 4.5.2005, s. 35,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 12/2006 av 27. januar 2006
om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til Den
europeiske unions tidende nr. 17 av 30.3.2006, s. 13.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 242 av 12.9.2001, s. 11

Artikkel 2

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket til berbare datamaskiner i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må eit apparat høyre inn under produktgruppa «berbare datamaskiner» og stette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 3

Miljøkriteria for produktgruppa «berbare datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. april 2009.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa «berbare datamaskiner» tildelt kodennummeret «018».

Artikkel 5

Vedtak 2001/687/EF vert oppheva.

Artikkel 6

Miljømerke som før den dagen det vert gjeve melding om dette vedtaket er vortne tildelte produkt som høyrer inn under produktgruppa «berbare datamaskiner», kan nyttast fram til 31. mars 2006.

I tilfelle der søknader om tildeling av miljømerket til produkt som høyrer inn under produktgruppa «berbare datamaskiner», er vortne sende inn før den dagen det vert gjeve melding om dette vedtaket, kan desse produkta få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 2001/687/EF. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 31. mars 2006.

Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 11. april 2005.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

For å kunne få tildelt miljømerket må ei berbar datamaskin (heretter kalla «produktet») høyre inn under den produktgruppa som er definert i artikkel 1, og stette kriteria i dette vedlegget; prøvingar skal gjennomførast i samband med søknaden slik det er gjort greie for i kriteria. Prøvingane skal gjennomførast av laboratorium som stettar dei allmenne krava i standarden EN ISO 17025. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvingane skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei rette organa leggje til grunn fråsegner og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

MILJØKRITERIUM

1. Spare energi

Den berbare datamaskina skal ha ein lett tilgjengeleg hovudbrytar.

Datamaskina skal kunne nytte ACPI⁽¹⁾ S3-kviletilstand («suspend to RAM»), som gjer det mogleg å redusere energiforbruket til under 3 watt. Datamaskina må kunne aktiverast frå denne tilstanden ved bruk av

- modem,
- nettilknytning,
- tastatur eller mus.

Datamaskina skal ha ei standardinnstilling som gjer at ho skifter automatisk frå driftstilstand til ACPI S3-kviletilstand etter høgst 15 minuttar utan aktiv bruk. Denne innstillinga skal vere aktivert av produsenten.

Den berbare datamaskina skal ha eit energiforbruk i avslått tilstand på høgst 2 watt når batteriet er fullt lada opp og når straumforsyninga er kopla til elektrisitetsnettet. I denne samanhengen er avslått tilstand den tilstanden som vert innleidd ved å nytte kommandoen for å slå av datamaskina.

Straumforsyninga til den berbare datamaskina skal ha eit energiforbruk på under 0,75 watt når ho er kopla til elektrisitetsnettet, men ikkje til datamaskina.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ein rapport som provar at energiforbruket både i ACPI S3-tilstanden og i avslått tilstand er målt ved bruk av den framgangsmåten som er fastsett i den gjeldande programfråsegna for datamaskiner som er omfatta av Energy Star-programmet⁽²⁾. Rapporten skal opplyse om energiforbruket som er målt i begge desse tilstandane. Søkjaren skal stadfeste at dette straumforsyningskravet er stetta.

⁽¹⁾ Advanced Configuration and Power Interface (ACPI).

⁽²⁾ Slik det er fastsett av miljøvernbyrået i Sambandsstatane, http://www.energystar.gov/index.cfm?c=computers_pr_crit_computers

2. Lengje levetida

Det skal garanterast at compatible batteri og straumforsyningskomponentar i tillegg til tastatur og delar til dette vil vere tilgjengelege i tre år rekna frå tidspunktet då produksjonen vert innstilt. Den berbare datamaskina skal dessutan stette følgjande kriterium:

- Datamaskina skal vere utforma på ein slik måte at minnet er lett tilgjengeleg og kan bytast ut.
- Datamaskina skal vere utforma på ein slik måte at harddisken og ein eventuell CD-ROM-stasjon eller DVD-stasjon kan bytast ut.

Søkjaren skal stadfeste overfor det rette organet at produktet settar desse krava.

3. Kvikksølvinnhald i dataskjermen

Bakgrunnslyset til flatskjermen skal ikkje innehalde meir enn 3 mg kvikksølv (i gjennomsnitt) per lampe. Dataskjermen til ein personleg digital assistent (PDA) skal ikkje innehalde kvikksølv.

Søkjaren skal stadfeste overfor det rette organet at produktet settar desse krava.

4. Støy

I samsvar med nr. 3.2.5 i standarden ISO 9296 skal det «fastsette A-vekta lydeffektnivået» (re 1 pW) for den berbare datamaskina ikkje vere høgare enn

- 3,5 B(A) i uverksam tilstand (svarar til 35 dB(A)),
- 4,0 B(A) ved bruk av harddiskdrev (svarar til 40 dB(A)).

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ein rapport som er utarbeidd av eit uavhengig prøvingslaboratorium som er godkjent i medhald av standarden ISO 17025, og som provar at støynivået er målt i samsvar med standarden ISO 7779 og er stadfesta å vere i samsvar med standarden ISO 9296. Rapporten skal opplyse om dei støynivåa som er målte, i både i uverksam tilstand og ved bruk av platedrev. Støynivåa skal fastsetjast i samsvar med nr. 3.2.5 i standarden ISO 9296.

5. Elektromagnetisk stråling

Den berbare datamaskina skal stette dei krava som er fastsette i standarden EN50279, kategori A.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ein rapport som viser at strålinga frå produktet er i samsvar med kravet.

6. Tilbakelevering, resirkulering og farlege stoff

Produsenten skal, utan vederlag og med sikte på reparasjon eller resirkulering, tilby å ta tilbake den berbare datamaskina og komponentar som vert bytte ut, bortsett frå i tilfelle der dei er vortne kontaminerte av brukarane (t.d. ved medisinsk eller nukleær bruk). Produktet skal dessutan stette følgjande kriterium:

- Det skal kunne demonterast av éin faglært person åleine.
- Produsenten skal kontrollere demonteringa av datamaskina og leggje fram ein demonteringsrapport som på oppmoding skal gjerast tilgjengeleg for tredjemann. Rapporten skal m.a. stadfeste at
 - samanføringane er lette å finne og tilgjengelege,
 - samanføringane er mest mogleg standardiserte,

- samanføringane er tilgjengelege med vanleg verktøy,
 - lampene til bakgrunnslyset i LCD-skjermar er lette å skilje frå kvarandre.
- c) Materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.
- d) Av plast- og metallmateriala i kabinettet og understellet skal 90 vektprosent kunne resirkulerast teknisk.
- e) Dersom det må nyttast etikettar, skal dei anten vere lette å fjerne eller vere ein integrert del av datamaskina.
- f) Plastdelar skal
- ikkje medvite vere tilsette bly eller kadmium,
 - vere framstilte av éin polymer eller av fleire polymerar som høver saman, bortsett frå i kabinettet, som skal innehalde høgst to typar polymerar som kan skiljast frå kvarandre,
 - ikkje innehalde metallinnlegg som ikkje kan skiljast frå kvarandre av éin person åleine ved bruk av enkle verktøy.
- g) Plastdelar skal ikkje innehalde polybromert bifenyyl (PBB) eller polybromert bifenyyleter (PBDE) som flammehemmande middel i samsvar med artikkel 4 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF⁽¹⁾. Dette kravet skal ta omsyn til seinare tilpassingar og endringar av det nemnde direktivet med omsyn til bruken av dekabromdifenyyleter.

Plastdelar skal ikkje innehalde flammehemmande middel av klorparafin med kjedelengd på 1017-karbonatom og klorinnhald over 50 vektprosent (CAS-nr. 85535-84-8 og CAS-nr. 85535-85-9).

Søkjaren skal stadfeste overfor det rette organet at dette kravet er stetta.

- h) Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller stoffblandingar som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er vortne tildelte ei av dei følgjande risikosetningane:

Farlege for helsa:

R45 (kan føre til kreft)

R46 (kan føre til arvelege skadar)

R60 (kan skade forplantingsevna)

R61 (kan gje fosterskadar)

Farlege for miljøet:

R50 (svært giftig for vassorganismar)

R50-53 (svært giftig for vassorganismar og kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet)

R51-53 (giftig for vassorganismar og kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet)

slik det er definert i rådsdirektiv 67/548/EØF⁽²⁾.

⁽¹⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

⁽²⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

- i) Plastdelar skal ha varig merking i samsvar med standarden ISO 11469:2000 som syner kva materiale dei er framstilte av. Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale og lysleiaren til flatskjermar.
- j) Batteri skal ikkje innehalde meir enn 0,0001 % kvikksølv, 0,001 % kadmium eller 0,01 % bly i høve til vekten av batteriet.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av demonteringsrapporten for det rette organet som vurderer søknaden.

Eventuelle flammehemmande middel som er nytta, skal med tilvising til kriterium 6 bokstav h) ikkje vere tildelte nokon av dei førnemnde risikoseiningane, og skal heller ikkje finnast oppførde i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF eller seinare endringar av direktivet som gjeld klassifisering, emballering og merking av farlege stoff. Dette kravet gjeld ikkje for flammehemmande middel som ved bruk får endra dei kjemiske eigenskapane sine slik at dei ikkje lenger treng klassifiserast under nokon av dei førnemnde risikoseiningane, og der mindre enn 0,1 % av middelet i den delen som er handsama, har den same forma som før bruken. Eventuelle flammehemmande middel som er nytta i plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal vere førde opp i dokumentasjonen som er lagd ved søknaden, med opplysningar om namn og CAS-nummer.

7. Bruksrettleiing

Produktet skal seljast med ei føremålstenleg bruksrettleiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk, særleg:

- a) Tilrådingar om bruk av straumsparende innstillingar, medrekna opplysningar om at energiforbruket, og dermed driftskostnadene, kan auke dersom innstillingane vert slått av.
- b) Opplysningar om at energiforbruket kan minskast til null dersom støpselet til datamaskina vert trekt ut av stikkkontakten eller den veggmonterte stikkkontakten vert slått av.
- c) Opplysningar om garantien og korleis reservedelar kan skaffast. Dersom det er mogleg for forbrukaren å oppgradere eller byte ut komponentar, skal det gjevast opplysningar om korleis dette skal gjerast.
- d) Opplysningar om at produktet er utforma på ein slik måte at delar kan nyttast om att og resirkulerast, og difor ikkje må kastast.
- e) Råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av ordninga med tilbakelevering til produsenten.
- f) Opplysningar om korrekt bruk av kort for trådløst lokalt nett (WLAN) for å minske tryggleiksrisikoane.
- g) Opplysningar om at produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, med ei kort forklaring på kva dette inneber, og at fleire opplysningar om miljømerket er tilgjengelege på nettstaden <http://europa.eu.int/ecolabel>.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av bruksrettleinga for det rette organet som vurderer søknaden.

8. Emballasje

Emballasjen skal stette dei følgjande kriteria:

- a) Alle delar av emballasjen skal vere lette å skilje frå kvarandre for hand i einskilte materiale, slik at resirkuleringa vert gjort enklare.
- b) Eventuell pappemballasje skal vere framstilt av minst 80 % resirkulert materiale.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at dette kravet er stetta, og sende over eitt eller fleire eksemplar av emballasjen til det rette organet som ein del av søknaden om tildeling av miljømerke.

9. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- redusert energiforbruk,
- utforma for å lette resirkulering,
- redusert støynivå.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar dette kravet, og leggje fram for det rette organet ein kopi av miljømerket slik det vil sjå ut på emballasjen og/eller produktet og/eller den medfølgjande dokumentasjonen.
